



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Prop. 26 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2023 under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 24. november 2023,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet med forslag til endringar i statsbudsjettet 2023 i samsvar med kapittel 2. I kapittel 3 gjer departementet greie for bruk av fullmakter under petroleumsverksemda.

2 Endringar i statsbudsjettet 2023

Kap. 1800 Olje- og energidepartementet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under postane 50, 71 og 72

Det blir foreslått å auke løyvinga med 0,234 mill. kroner, til om lag 39 mill. kroner. Auken blir mot-svart av ein tilsvarande reduksjon under kap. 118 Utanrikspolitiske satsingar, post 73 Klima, miljø-tiltak og hav mv. under Utanriksdepartementet. Rammeoverføringa har samanheng med ein reduksjon av Olje- og energidepartements del av utgiftene i 2023 til sekretariatet for Høgnivå-panelet for ein berekraftig havøkonomi (Hav-panelet) for å gjennomføre handlingsplanen for omstilling til ein berekraftig havøkonomi. Reduksjonen blir tilbakeført til Olje- og energidepartementets budsjett.

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar mv.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,1 mill. kroner, til 9,9 mill. kroner. Auken har samanheng med endra valutakursar.

Kap. 1810 Oljedirektoratet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 67 000 kroner, til om lag 191,9 mill. kroner, knytt til rammeoverføring til Nærings- og fiskeridepartementet i samband med Radarsat-avtalen med Canada, jf. nærmare omtale under kap. 922 Romverksemd, post 71 Internasjonal romverksemd under Nærings- og fiskeridepartementet.

Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, kan overførast

Posten dekker utgifter til Oljedirektoratets samarbeidsavtale med Direktoratet for utviklings-samarbeid (Norad) om rådgiving innanfor petroleumsforvning for utviklingsland (Olje for utvikling). Vidare dekker posten utgifter til samarbeidsprogramma «Diskos» og «Force» innan dataforvaltning og utvinningsteknologi.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 10,3 mill. kroner, til 75,7 mill. kroner. Auken har samanheng med utsett lansering av Diskos 2.0, som har medført auka kostnader og høgare utgifter til Olje for utvikling-programmet. Det blir foreslått ein tilsvarande inntektsauke under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

Kap. 1812 Petroleumstilsynet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga dekker mellom anna utgifter til samarbeidsavtalen med Norad om rådgiving og oppdrag for utviklingsland.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 6,855 mill. kroner, til 40 mill. kroner. Auken har samanheng med høgare aktivitet hos fleire av mottakarlanda. Det blir foreslått ein tilsvarande inntektsauke under kap. 4812, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 01 Driftsutgifter

Det blir foreslått å auke løyvinga med 7 mill. kroner, til 766,5 mill. kroner. Auken har samanheng med meirutgifter som følge av oppfølging i samband med og i etterkant av ekstremvêret «Hans». Meirutgiftene omfattar større arbeidsbelastning, meir reising, overtid, utvida vaktordningar og meir konsulentbistand i 2023.

Post 25 Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, kan overførast

Løyvinga omfattar NVEs bistand til kommunar eller andre til krise- og hastetiltak for å sikre eksisterande busetnad. Tiltaka blir gjennomførte i regi av NVE eller ved at kommunar eller andre søker NVE om tilskot for gjennomføring av tiltak i eigen regi. Løyvinga dekker utgifter til krisetiltak som er nødvendige for å hindre overhengande fare rett før, under og rett etter flaum- eller skredhendingar. Vidare dekker posten utgifter til hastetiltak, som er tiltak som må gjennomførast raskt for å hindre eller redusere ytterlegare skadeutvikling, men der det er tid til forenkla planlegging og saksbehandling.

NVE forventar eit auka budsjettbehov på om lag 30 mill. kroner til slutføring av sikringstiltaka etter kvikkleireskredet på Ask i Gjerdrum. Det auka budsjettbehovet i 2023 blir dekt innanfor gjeldande løyving under posten. Samla utgifter til

sikringstiltak etter kvikkleireskredet i Gjerdrum blir anslått til totalt 200 mill. kroner som opphavleg berekna.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 50 mill. kroner, til 155 mill. kroner. Auken har samanheng med oppfølging i samband med og etter ekstremvêret «Hans». Oppfølginga i 2023 omfattar mellom anna bistand og konsulentutgifter til flaum- og skredfaglege vurderingar, synfaringar i område som er ramma, møte med aktuelle kommunar, skanning og botnkartlegging i fleire av vassdraga som blei ramma, oppdatering og utarbeiding av nye faresonekart og oppstart av krise- og hastetiltak.

Vidare blir det foreslått å auke bestillingsfullmakta med 150 mill. kroner, til 200 mill. kroner, slik at NVE kan inngå kontraktar i 2023 knytte til arbeid som kjem til utbetaling i etterfølgande budsjettår. Tilskot til kommunar for utføring av krise- og hastetiltak blir også dekte under posten. Det er behov for å gi tilsegn til kommunar som søker om midlar til gjennomføring av krise- og hastetiltak i eigen regi, der midlane vil bli utbetalte i etterfølgande budsjettår.

I tillegg blir det foreslått at posten blir tilføydd stikkordet «kan overførast» som følge av usikkerheit knytt til tidspunkt for utbetaling.

Post 75 Stønad til hushaldningar for ekstraordinære straumutgifter, overslagsløyving

Det er løyvd 18 mrd. kroner til straumstønadsordninga for hushaldningar og burettslag i 2023. Løyvinga i 2023 dekker straumforbruk frå desember 2022 til og med november 2023. Gjeldande løyving er basert på berekningar med prisar per medio mars 2023. Frå og med forbruk i september 2023 er berekninga av straumstønaden endra frå å basere seg på gjennomsnittleg spotpris gjennom månaden til å basere seg på spotprisen time for time i det prisområdet hushaldninga høyrer til, jf. omtale i Prop. 118 S (2022–2023).

Med utgangspunkt i gjennomførte utbetalingar så langt i 2023 og prisar per medio oktober 2023 er løyvingsbehovet for ordninga anslått til 15,4 mrd. kroner i 2023. Anslaget er usikkert. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2,6 mrd. kroner.

Kap. 4810 Oljedirektoratet

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter

Det blir foreslått å auke løyvinga med 10,3 mill. kroner, til 75,7 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarande utgiftsauke under kap. 1810, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd.

Kap. 4812 Petroleumstilsynet*Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 6,855 mill. kroner, til om lag 15,4 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsauke under kap. 1812, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat*Post 01 Gebyrinntekter*

I revidert budsjett 2023 blei 32,4 mill. kroner flytta frå denne posten til kap. 5582, post 72 Sektoravgifter under Noregs vassdrags- og energidirektorat med bakgrunn i forslag om omlegging frå gebyr- til sektoravgiftsfinansiering av enkelte tilsynsordningar under NVE som i dag blir budsjetterte som gebyrinntekter, jf. Prop. 118 S (2022–2023). Det blir foreslått å reversere endringa, jf. omtale under kap. 5582, post 72.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 32,4 mill. kroner, til 42 mill. kroner.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet*Post 70 Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag*

Sektoravgifta for kulturminnevern i regulerte vassdrag dekker utgifter til arkeologiske undersøkingar i vassdrag. Det er konsesjonar gitt før 1960 der det ikkje blei gjort arkeologiske undersøkingar ved utbygginga, som er omfatta av ordninga når konsesjonen skal fornyast eller vilkåra reviderast. Konsesjonæren betaler eit beløp basert på omfanget av produksjonen i reguleringsmagasinet.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 3,8 mill. kroner, til 0,2 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med at sektoravgifter frå revidert konsesjon for regulering av vassdraga Hjartdøla og Mjøsundvatn ikkje blir innbetalte i 2023 som føresett tidlegare.

Post 72 Sektoravgifter under Noregs vassdrags- og energidirektorat

I revidert budsjett 2023 blei 32,4 mill. kroner flytta frå kap. 4820, post 01 Gebyrinntekter til denne posten med bakgrunn i forslag om omlegging frå gebyr- til sektoravgiftsfinansiering av enkelte tilsynsordningar under NVE som i dag blir bud-

sjetterte som gebyrinntekter, jf. Prop. 118 S (2022–2023). Vidare blei løyvinga auka med 9,6 mill. kroner i auka sektoravgifter. Endringane blei fremma med bakgrunn i forslaget i lovproposisjonen Prop. 37 L (2022–2023) og ei føresett endring i relevant forskrift, slik at tilsynsordningane skulle kunne budsjetterast og innkrevjast som sektoravgift i 2023. Proposisjonen er behandla av Stortinget i 2023, jf. Innst. 216 L (2022–2023), og lovendringane tredde i kraft 1. juli 2023. Ny forskrift om sektoravgift for dekning av kostnader til NVEs tilsyns- og kontrollarbeid vil først vere på plass og tre i kraft med verknad frå 1.1.2024. Det blir derfor foreslått å reversere endringane i 2023. Endringa er innarbeidd i forslaget til budsjett for 2024.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 42 mill. kroner, til 72 mill. kroner.

Post 75 Sektoravgifter under Petroleumstilsynet

Det blir foreslått å auke løyvinga med 7 mill. kroner, til om lag 139,3 mill. kroner. Auken har i hovudsak samanheng med at det ved avstemming av grunnlag for innbetalte sektoravgifter i 2022 blei identifisert postar som ikkje blei utfakturerte i fjor, og som har blitt etterfakturerte og innbetalte i 2023.

3 Bruk av fullmakter under petroleumsvirksemda

Som ein del av den årlege behandlinga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytte til petroleumsvirksemda.

Under gjer Olje- og energidepartementet greie for bruken av fullmakter sidan den førre rapporteringa.

3.1 Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Stortinget har samtykt i at Olje- og energidepartementet kan godkjenne prosjekt (planar for utbygging/anlegg og drift) på norsk kontinentalsokkel under desse føresetnadene, jf. fullmakt XV i Innst. 9 S (2022–2023):

1. Prosjektet må ikkje ha prinsipielle eller samfunnsmessige sider av betydning.
2. Den øvre grensa for dei samla investeringane per prosjekt er 15 mrd. kroner.
3. Kvart enkelt prosjekt må vise akseptabel samfunnsøkonomisk lønnsemd og vere rimeleg

robust mot endringar i prisutviklinga for olje og naturgass.

Fullmakta er nytta ved desse høva:¹

Oseberg OGP

Olje- og energidepartementet mottok 22. november 2021 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (PUD) av Oseberg-felta i samband med prosjektet «Oseberg gass fase 2 og kraft frå land» (OGP). OGP inneber at det blir installert to nye elektrisk drivne pre-kompressorar på Oseberg A-plattformen. Dette vil gjere det mogleg å senke innløpstrykket på plattformen, slik at det blir oppnådd høgare utvinning av olje og gass. Operatøren anslår at prosjektet vil auke reservane med 31,2 mill. Sm³ oljeekvivalentar. Av dette er om lag 87 prosent gass og 13 prosent olje og NGL. OGP inneber vidare at felta blir knytte til kraftnettet på land, og at delar av kraftbehovet på felta, inkludert kraftbehovet til dei to nye pre-kompressorane, vil bli dekte av kraft frå land. Forventa oppstart av OGP er i 2027. Rettshavarane er Equinor Energy AS (operatør, 49,3 prosent), Petoro AS (33,6 prosent), TotalEnergies EP Norge AS (14,7 prosent) og ConocoPhillips Skandinavia AS (2,4 prosent). Dei totale investeringane er i endra PUD berekna til om lag 10 mrd. 2021-kroner.

Endra PUD for Oseberg blei godkjend av Olje- og energidepartementet 1. desember 2022.

Eldfisk Nord

Olje- og energidepartementet mottok 29. april 2022 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (PUD) av Eldfisk Nord. Eldfisk Nord ligg i den sørvestlege delen av Nordsjøen om lag 320 km frå land. Utbygginga av Eldfisk Nord vil vidareutvikle ressursane nord i feltet. Eldfisk Nord inneber installasjon av tre brønnrammer knytte til Eldfisk 2/7-S-plattformen. Forventa utvinnbare reserver frå Eldfisk Nord er berekna til 10,8 mill. Sm³ oljeekvivalentar. Forventa oppstart av produksjon er juni 2024. Rettshavarane i Eldfisk Nord er ConocoPhillips Skandinavia AS (operatør, 35,112 prosent), TotalEnergies EP Norge AS (39,896 prosent), Vår Energi AS (12,388 prosent), Sval Energi AS (7,604 prosent) og Petoro AS (5 prosent). Dei totale investeringane er i endra PUD berekna til om lag 10,2 mrd. 2021-kroner.

Endra PUD for Eldfisk Nord blei godkjend av Olje- og energidepartementet 1. desember 2022.

Gina Krog – alternativ eksportløsning

Olje- og energidepartementet mottok 15. november 2021 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (PUD) av Gina Krog-feltet. Feltet ligg i den midtre delen av Nordsjøen. Feltet blei påvist i 1978, opphavleg PUD blei godkjend i 2013, og feltet blei sett i produksjon i 2017. Gina Krog-feltet er bygd ut med ei stålplattform og eit lager- og lossefartøy (Gina Krog FSO). Fartøyet mottar stabilisert olje frå plattformen og fungerer som eit mellomlager, før oljen blir transportert vidare til marknaden med tankskip. Endra PUD for Gina Krog inneber ei omlegging av eksportløsninga til transport via ein ny rørleidning til Sleipnerfeltet, med vidare transport i eksisterande rørleidning til Kårstø. Målet med omlegginga av eksportløsninga er å drive meir effektivt, med lågare driftskostnader, lågare HMS-risiko og lågare utslepp til luft. Forventa oppstart av den nye rørleidningen er i tredje kvartal 2024. Rettshavarane i Gina Krog er Equinor Energy AS (operatør, 58,7 prosent), KUFPEC Norway AS (30 prosent) og PGNiG Upstream Norway AS (11,3 prosent). Dei totale investeringane er i endra PUD berekna til om lag 1,2 mrd. 2021-kroner.

Endra PUD for Gina Krog blei godkjend av Olje- og energidepartementet 15. desember 2022.

Halten Øst

Olje- og energidepartementet mottok 25. mai 2022 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Halten Øst. Feltet ligg i Haltenområdet i Norskehavet. Halten Øst skal byggast ut som ei havbotnutbygging knytt til Åsgard B-plattformen. Utbygginga inneber installasjon av fem havbotnrammer med til saman ti brønnsliissar kopla opp til havbotnanlegget på Åsgard-feltet. Utbygginga er planlagd i to fasar. Fase 1 inneber boring av seks brønningar i 2024–2025. Fase 2 inneber ytterlegare boringar. Forventa utvinnbare reserver er om lag 16 mill. Sm³ oljeekvivalentar. Forventa oppstart av produksjon er i 2025. Rettshavarane er Equinor Energy AS (operatør, 57,7 prosent), Vår Energi ASA (24,6 prosent), Sval Energi AS (11,8 prosent) og Petoro AS (5,9 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 8,9 mrd. 2022-kroner.

PUD for Halten Øst blei godkjend av Olje- og energidepartementet 13. februar 2023.

¹ Til og med oktober 2023.

Tyrving

Olje- og energidepartementet mottok 10. august 2022 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Tyrvingfeltet i den midtre delen av Nordsjøen. Feltet skal byggast ut som ei havbotnbygging knytt til produksjonsskipet på Alvheimfeltet (Alvheim FPSO). Det eksisterande eksportsystemet for olje og gass på Alvheimfeltet vil bli brukt. Utvinnbare reservar er estimerte til 4,1 mill. Sm³ oljeekvivalentar. Produksjonsstart er planlagt til første kvartal 2025. Rettshavarane i Tyrving er Aker BP ASA (operatør, 61,26 prosent), Petoro AS (26,84 prosent) og PGNiG Upstream Norway AS (11,90 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 6,2 mrd. 2022-kroner.

PUD for Tyrving blei godkjend av Olje- og energidepartementet 5. juni 2023.

Symra

Olje- og energidepartementet mottok 16. desember 2022 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Symrafeltet i den midtre delen av Nordsjøen. Symra er ei havbotnbygging som skal knytast til Ivar Aasen-plattformen. Utbygginga utnyttar ledig kapasitet og kan forlenge levetida på eksisterande produksjons- og eksportinfrastruktur på Utsirahøgda. Forventa utvinnbare reservar er i utbyggingsplanen anslått til om lag 7,4 mill. Sm³ oljeekvivalentar, hovudsakleg olje med noko assosiert gass. Forventa oppstart av produksjonen er i midten av 2026. Rettshavarane er Aker BP ASA (operatør, 50 prosent), Equinor Energy AS (30 prosent) og Sval Energi AS (20 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 9,1 mrd. 2022-kroner.

PUD for Symra blei godkjend av Olje- og energidepartementet 28. juni 2023.

Irpa

Olje- og energidepartementet mottok 22. november 2022 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Irpafeltet i Norskehavet. Feltet skal byggast ut med eit havbotnanlegg knytt til Hansteen-plattformen. Prosessert gass og kondensat frå Irpa vil bli transportert via det eksisterande eksportsystemet frå vertsfeltet. Utbygginga utnyttar ledig kapasitet og kan forlenge levetida på Aasta Hansteen. Forventa utvinnbare reservar er anslått til om lag 19,8 mill. Sm³ oljeekvivalentar, hovudsakleg gass med noko assosiert kondensat. Forventa oppstart av pro-

duksjonen er i fjerde kvartal 2026. Rettshavarane er Equinor Energy AS (operatør, 51 prosent), Petoro AS (20 prosent), Wintershall Dea Norge AS (19 prosent) og A/S Norske Shell (10 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 14,8 mrd. 2022-kroner.

PUD for Irpa blei godkjend av Olje- og energidepartementet 28. juni 2023.

Verdande

Olje- og energidepartementet mottok 6. desember 2022 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Verdandefeltet i Norskehavet. Feltet skal byggast ut med eit havbotnanlegg knytt til produksjonsskipet på Norne (Norne FPSO). Olje og prosessert gass frå Verdande vil bli transportert via det eksisterande eksportsystemet frå vertsfeltet. Utbygginga bidrar til god utnytting av eksisterande infrastruktur og kan forlenge levetida for Norne FPSO. Forventa utvinnbare reservar er anslått til om lag 5,7 mill. Sm³ oljeekvivalentar, fordelt på om lag 80 prosent olje og 20 prosent rikgass. Forventa oppstart av produksjonen er i fjerde kvartal 2025. Rettshavarane er Equinor Energy AS (operatør, 59,3 prosent), Petoro AS (22,4 prosent), Vår Energi ASA (10,5 prosent), Aker BP ASA (7 prosent) og PGNiG Upstream Norway AS (0,8 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 4,7 mrd. 2022-kroner.

PUD for Verdande blei godkjend av Olje- og energidepartementet 28. juni 2023.

Alve Nord

Olje- og energidepartementet mottok 16. desember 2022 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Alve Nord-feltet i Norskehavet. Feltet skal byggast ut med eit havbotnanlegg som del av Skarv satellittprosjektet (SSP) som skal knytast til Skarv produksjons- og lagerskip (FPSO). Utbygginga utnyttar ledig kapasitet og kan forlenge levetida på Skarv FPSO. Forventa utvinnbare reservar er anslått til om lag 6,8 mill. Sm³ oljeekvivalentar, der 61 prosent er gass. Forventa oppstart av produksjonen er i tredje kvartal 2027. Rettshavarane er Aker BP ASA (operatør, 68,0825 prosent), Wintershall Dea Norge AS (20 prosent) og PGNiG Upstream Norway AS (11,9175 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 6,3 mrd. 2022-kroner.

PUD for Alve Nord blei godkjend av Olje- og energidepartementet 28. juni 2023.

Idun Nord

Olje- og energidepartementet mottok 16. desember 2022 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Idun Nord-feltet i Norskehavet. Feltet skal byggast ut med eit havbotnanlegg som del av Skarv satellittprosjektet (SSP) som skal knytast til Skarv produksjons- og lagerskip (FPSO). Utbygginga utnyttar ledig kapasitet og kan forlenge levetida på Skarv FPSO. Forventa utvinnbare reserver er anslått til om lag 3,4 mill. Sm³ oljeekvivalentar, der brorparten er gass. Forventa oppstart av produksjonen er i tredje kvartal 2027. Rettshavarane er Aker BP ASA (operatør, 23,835 prosent), Wintershall Dea Norge AS (40 prosent) og Equinor Energy AS (36,165 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 3,8 mrd. 2022-kroner.

PUD for Idun Nord blei godkjend av Olje- og energidepartementet 28. juni 2023.

Ørn

Olje- og energidepartementet mottok 16. desember 2022 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Ørnfeltet i Norskehavet. Feltet skal byggast ut med eit havbotnanlegg som del av Skarv satellittprosjektet (SSP) som skal knytast til Skarv produksjons- og lagerskip (FPSO). Utbyggingane utnyttar ledig kapasitet og kan forlenge levetida på Skarv FPSO. Forventa utvinnbare reserver er anslått til om lag 8,8 mill. Sm³ oljeekvivalentar, der brorparten er gass. Forventa oppstart av produksjonen er i tredje kvartal 2027. Rettshavarane er Aker BP ASA (operatør, 30 prosent), PGNiG Upstream Norway AS (40 prosent) og Equinor Energy AS (30 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 6,5 mrd. 2022-kroner.

PUD for Ørn blei godkjend av Olje- og energidepartementet 28. juni 2023.

Maria fase 2

Olje- og energidepartementet mottok 20. desember 2022 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (PUD) av Mariafeltet på Haltenbanken i Norskehavet. Produksjon frå Maria starta opp i desember 2017. Produksjonen frå feltet har ikkje vore som forventa. Den endra utbyggingsplanen skal bidra til betre utnytting av ressursane i feltet, basert på ei ny forståing av undergrunnen. Prosjektet inneber installasjon av ei havbotnramme med tre nye brønner knytt til den eksisterande havbotnramma på Mariafeltet.

Forventa utvinnbare reserver er om lag 3,5 mill. Sm³ oljeekvivalentar. Produksjonsstart er planlagt til første kvartal 2025. Rettshavarane er Wintershall Dea Norge AS (operatør, 50 prosent), Petoro AS (30 prosent) og Sval Energi AS (20 prosent). Dei totale investeringane er i endra PUD berekna til om lag 4,1 mrd. 2022-kroner.

Endra PUD for Mariafeltet blei godkjend av Olje- og energidepartementet 28. juni 2023.

Dvalin Nord

Olje- og energidepartementet mottok 13. desember 2022 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) for petroleumsmføremkomsten Dvalin Nord, som er ein del av Dvalinfeltet i Norskehavet. Utbygginga omfattar installasjon av ei havbotnramme med tre produksjonsbrønner knytt til eksisterande infrastruktur på Dvalinfeltet. Forventa utvinnbare reserver er om lag 13,4 mill. Sm³ oljeekvivalentar, der 94 prosent er gass. Forventa oppstart av produksjon er fjerde kvartal 2026. Rettshavarane i Dvalin Nord er Wintershall Dea Norge AS (operatør, 55 prosent), Petoro AS (35 prosent) og Sval Energi AS (10 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 7,6 mrd. 2022-kroner.

PUD for Dvalin Nord blei godkjend av Olje- og energidepartementet 29. juni 2023.

Berling

Olje- og energidepartementet mottok 21. november 2022 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Berlingfeltet i Norskehavet. Feltet skal byggast ut med ei havbotnramme som skal knytast til Åsgard B-innretninga. Forventa utvinnbare reserver er i utbyggingsplanen anslått til om lag 7 mill. Sm³ oljeekvivalentar, hovudsakleg gass. Forventa oppstart av produksjonen er i andre kvartal 2028. Rettshavarane er OMV (Norge) AS (operatør, 30 prosent), Equinor Energy AS (40 prosent) og DNO Norge AS (30 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 9 mrd. 2022-kroner.

PUD for Berling blei godkjend av Olje- og energidepartementet 28. juni 2023.

Snøhvit Future

Olje- og energidepartementet mottok 20. desember 2022 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (PUD) og endra plan for anlegg og drift (PAD) for Snøhvitfeltet og Hammerfest LNG. Snøhvitfeltet ligg i Barents-

havet og er bygd ut med eit havbotnanlegg knytt til LNG-anlegget på Melkøya (Hammerfest LNG). Snøhvitfeltet har produsert sidan 2007. Snøhvit Future-prosjektet inneber auka gassutvinning frå feltet gjennom landkompresjon og omlegging av energiforsyninga frå gassturbindrivne generatorar til full drift med kraft frå nettet. Det vil bli installert ein gasskompressor på LNG-anlegget, elektriske dampkjelar for varmeproduksjon og anlegg for tilknytning til kraftnettet. Prosjektet aukar produksjonen frå feltet med om lag 60 mrd. Sm³ gass og forlenger levetida til 2040. Omlegging av energiforsyninga kuttar utsleppa frå anlegget med 90 prosent eller om lag 850 000 tonn CO₂ per år. Planlagd oppstart av landkompresjon er i 2028. Departementet har stilt vilkår for godkjenninga knytte til tidspunkt for omlegging til full drift med kraft frå nettet. Rettshavarane på Snøhvitfeltet er

Equinor Energy AS (operatør, 36,79 prosent), Petoro AS (30 prosent), TotalEnergies EP Norge AS (18,4 prosent), Neptune Energy Norge AS (12 prosent) og Wintershall Dea Norge AS (2,81 prosent). Dei totale investeringane er i endra PUD/PAD berekna til om lag 13,2 mrd. 2022-kroner.

Endra PUD/PAD for Snøhvitfeltet blei godkjend av Olje- og energidepartementet 8. august 2023.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2023 under Olje- og energidepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2023 under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2023 under Olje- og energidepartementet

I

I statsbudsjettet for 2023 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Olje- og energidepartementet:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 50, 71 og 72</i> , blir auka med	234 000
		frå kr 38 769 000 til kr 39 003 000	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar mv., blir auka med	1 100 000
		frå kr 8 800 000 til kr 9 900 000	
1810		Oljedirektoratet:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	67 000
		frå kr 191 943 000 til kr 191 876 000	
	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, <i>kan overførast</i> , blir auka med	10 300 000
		frå kr 65 400 000 til kr 75 700 000	
1812		Petroleumstilsynet:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med	6 855 000
		frå kr 33 145 000 til kr 40 000 000	
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	7 000 000
		frå kr 759 500 000 til kr 766 500 000	
	25	Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, <i>kan overførast</i> , blir auka med	50 000 000
		frå kr 105 000 000 til kr 155 000 000	
	75	Stønad til hushaldningar for ekstraordinære straumutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	2 600 000 000
		frå kr 18 000 000 000 til kr 15 400 000 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4810		Oljedirektoratet:	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir auka med frå kr 65 400 000 til kr 75 700 000	10 300 000
4812		Petroleumstilsynet:	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir auka med frå kr 8 509 000 til kr 15 364 000	6 855 000
4820		Noregs vassdrags- og energidirektorat:	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med frå kr 9 600 000 til kr 42 000 000	32 400 000
5582		Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet:	
	70	Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag, blir redusert med frå kr 4 000 000 til kr 200 000	3 800 000
	72	Sektoravgifter under Noregs vassdrags- og energidirektorat, blir redusert med frå kr 114 000 000 til kr 72 000 000	42 000 000
	75	Sektoravgifter under Petroleumstilsynet, blir auka med frå kr 132 316 000 til kr 139 316 000	7 000 000

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitt løyving

II

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Olje- og energidepartementet i 2023 kan pådra staten forpliktingar utover gitt løyving, men slik at den samla ramma for nye forpliktingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	25	Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar	200 mill. kroner

